

Kulturbygg, idrett og friluftsliv 2025-2032

Temaplan



Fyresdal

Sidehenvisning

Innleiing – bakgrunn for planen	1
Planprosessen	1
Medverknadsprosessen:.....	1
Forhold til andre planer	2
Ståstad.....	5
Ståstad.....	5
Beskriving av nosituasjon	6
Resultatvurdering førre plan	10
Satsingsområde og tiltak 2025-2032	11

Innleiing – bakgrunn for planen

Denne temaplanen er ein åtteårig temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv. Den består av ein tekstdel, og ein handlingsdel med hovudsatsingsområde og tiltak. Den skal vere eit strategisk plandokument som leggjast til grunn for vidare planlegging innan feltet kulturbygg, idrett og friluftsliv for politikarar og administrasjon i kommunen, men og for lag, organisasjonar og engasjerte innbyggjarar. Formålet med planen er å samordne og ha ein heilskapleg tilnærming til arbeid knytt til kulturbygg, idrett og friluftsliv. Planen skal og vere eit verktøy for prioritering og legg grunnlag for å søkje spelemidlar til kulturbygg, idretts- og friluftsanlegg. I føresegnene til søknadsprosess om spelemidlar er det ein føresetnad at ordinære anlegg må inngå i ein kommunal vedtatt plan. Det må vedtakast fireårige prioriterte handlingsprogram som skal rullerast kvart år i kommunestyret, dette ligg som vedlegg til planen.

Fyresdal kommune har folkehelse som eit gjennomgåande tema i tenester og utviklingsområda. Med dette som utgangspunkt, blir prioritering og anleggsplanlegging i dette feltet særskild viktig.

Planprosessen

Planen har hatt følgjande framdrift:

Innan 01.05.2024	Fyrste møte i arbeidsgruppa
Innan 17.06.2024	Innspelsrunde, medverknadsmøter
Sommar/haust 2024	Jobbe med planen med arbeidsgruppa
01.12.2024	Plan på høyring, seks veker
Februar og mars 2025	Politisk handsaming råd og utval
Mars 2025	Politisk handsaming kommunestyret

Medverknadsprosessen:

Medverknad frå innbyggjarar og andre er svært viktig for resultat av ein slik plan. Det har vore gjennomført følgjande prosessar/møter:

Vår 2024	Ope medverknadsmøte
Sommar 2024	Møte med Idrettsråd og ungdomsråd
Haut 2024	Ope medverknadsmøte

Det har vore informert om temaplanen og prosessen i kommunens informasjonskanalar og andre relevante stader.

Forhold til andre planer

FN's Berekraftsmål:



Nasjonale føringer

Noreg har slutta seg til WHO's mål om å redusere tidleg død av ikkje smittsame sjukdommar med 25% innan 2025 og med 30% innan 2030 i tråd med FNS berekraftsmål. Fysisk aktivitet har stor betydning i denne samanheng.

Temaplanen bygger på nasjonale føringer frå stortingsmeldingar og handlingsplanar innan nasjonale innsatsområde som folkehelse, friluftsliv, fysisk aktivitet osv. Desse er utarbeida i samarbeid mellom fleire departement og strekar under at det er viktig å jamne ut dei sosiale og helsemessige forskjellane i befolkninga.

Dei mest aktuelle er:

Regjeringa sin handlingsplan:

[Alle inkludert 2024-2026 Handlingsplan for like muligheter til å delta i kultur-, idretts- og friluftslivsaktiviteter,](#)

Formålet er å gjere det mogleg for alle å delta i kultur, idretts og friluftslivsaktiviteter.

[Den nasjonale handlingsplanen for fysisk aktivitet 2020-2029](#)

Eit meir aktivitetsvenleg samfunn kor alle, uavhengig av alder, kjønn funksjonsnivå og sosial bakgrunn gjevast moglegheit til fysisk aktivitet.

Målet er at del av befolkninga som oppfyller helsemessige anbefalingar om fysisk aktivitet aukar med 10% innan 2025 og 15% innan 2030.

[Folkehelsemeldinga stortingsmelding 15 \(2022-2023\)](#)

Satsingsområde her er å prioritere folkehelsearbeidet og innsatsen mot sosiale helseforskjellar.

[Stortingsmeldingen Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet;](#)

Slår fast at friluftsliv i nærmiljøet skal prioriterast. Barn og unge er prioriterte målgrupper.

[Nasjonal handlingsplan for friluftsliv](#)

Denne planen skal bidra til å oppfylle mål om ivaretaking, bevaring og tilrettelegging av friluftsområde, stimulere til auka friluftslivsaktivitet for alle og bidra til større bruk av naturen som læringsarena for barn og unge.

Andre relevante nasjonale planar:

Ulike statlege rammeplanar og lovverk gir også føringar og verkemiddel både sektorvis for kommunens tenesteområde, og på tvers av kommunen sine tenesteområde. Av relevante statlege planar og lovverk, kan fylgjande nemnast:

Rammeplan for barnehagen gir føringar for barnehagens rolle som tilretteleggjar for at barn kan oppleve gleder av å vere i bevegelse, sosialt velvære, og god fysisk og psykisk helse.

Læreplanen for grunnskulen sei at opplæringa skal fremme gleder av fysisk aktivitet og friluftsliv.

Folkehelseloven gir kommunane ansvar for å fremme innbyggjarane sin helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold. Kommunen skal bidra til å forebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, bidra til utjamning av sosiale helseforskjellar, og bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa. Nasjonal, regional og kommunal planlegging gir klare forventningar om tilrettelegging av aktivitetsvenlege lokalsamfunn, i tråd med formålet i folkehelselova om eit helsefremjande samfunn.

Plan- og bygningsloven har ein rekke krav og verkemiddel som kan bidra til å sikre gå- og aktivitetsvenlege nærmiljø i kommunal planlegging. Loven setter også krav om universell utforming for å betre tilgjenge og moglegheit til samfunnsdeltaking for alle.

Fylkeskommunale føringar

Regional plan for folkehelse

Regional plan for folkehelse peikar på dei sosiale forskjellane som den største folkehelseutfordringa.

Kulturstrategi Vestfold og Telemark

«Vestfold og Telemark – der menneske møtes» er Vestfold og Telemark sin kulturstrategi for fagområda, bibliotek, friluftsliv, idrett, kulturarv, kulturfrivilligheit, kunst, museum og privatarkiv.

Kommunale føringar

"Vekst og vilje i Fyresdal" Fyresdal kommune sin samfunnsplan

Bulyst og næringsutvikling er to overordna satsingsområde i Fyresdal og igjen seks tema som går på tvers av teneste- og utviklingsområde: Drivkraft, leiarskap, beredskap, folkehelse, fortinn og medverknad.

Strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige seier:

- Fyresdal kommune skal vere ein god stad å bu og leve
- Fyresdal kommune skal satse på eit attraktivt og breitt kultur- og fritidstilbod
- Fyresdal kommune skal styrke frivilligheit og oppmuntre eldsjeler

Strategi for oppvekst og utdanning seier:

- Fyresdal kommune skal vere ein god oppvekstkommune

Strategi for helse og omsorg:

- Fyresdal kommune skal ha førebyggjande folkehelsetiltak som er lett tilgjengelege

Strategi for areal, klima og miljø

- Fyresdal kommune skal forvalte og nytte areal og utmarksressursane på ein berekraftig måte
- Legge til rette område for ulike næringar og fritidsaktivitetar
- Legge til rette for tur og fritid i natur og utmark



Fotograf: Svånaug Dyrland Valseth

Fyresdal, mot sør frå Hegglandsnetten

Ståstad

Ståstad

Store skilnader i helse er eit aukande problem i heile Noreg, også i Fyresdal. Dårlegare fysisk og psykisk helse gjer dårlegare livskvalitet for den einskilde og betyr mykje for samfunnets økonomiske og sosiale berekraft. Større økonomiske skilnadar er og ein aukande utfordring. (kjelde : Folkehelsebarometeret)

Folkehelseprofilen til Fyresdal kommune 2024 kan du lese her: [Folkehelseprofil 2024 Fyresdal](#)


Oppvekstprofilen til Fyresdal kommune 2024 kan du lese her: [Oppvekstprofil 2024 Fyresdal](#)

Ungdataundersøkinga visar at ungdom i Fyresdal er godt nøgd med lokalmiljøet der dei bur, men trenden er nedadgåande, i 2018 var 80% godt nøgd, i 2024 var dette 64%.

Tal frå Ungdata pluss visar at Fyresdal har den høgaste andel av elevar frå mellomtrinnet i heile undersøkinga som svarar at dei kan tenke seg å bu på staden dei bur no som vaksne.

Figur 5.1 Fremtid i kommunen

Prosentandel som kan tenke seg å bo på stedet der de nå bor, som voksne. Svarfordeling kommune.



Denne undersøkinga viser og at dei er langt over snitt nøgd med sosiale møteplassar, noko som speglar ungdomsklubben og tilgjenge der to gangar kvar veke gjennom året.

Når det gjeld idrettsanlegg er dei unge og godt nøgd, men ligg under landsgjennomsnitt. Det handlar nok ein del om at vi er få, og vanskeleg kan tilby alt kva dei forskjellige ynskjer seg.

Fyresdal har og fråfall i organisert idrett som i resten av landet, vi har færre barn, som heller ikkje er like einsretta i aktiviteten dei driv med i grupper no som før.

Vi har og, som resten av landet, utfordringar med rekruttering til frivillig arbeid i lag og organisasjonar.

Beskriving av nosituasjon

Aktivitet

Det ligg godt til rette for å vere aktiv i Fyresdal.

Vi har seks aktive idrettslag, og 58% av dei unge (Ungdata) deltar regelmessig i organisert aktivitet på fritida. Det er og tilbod om Yoga på privat basis, og fellestimar på det private treningssenteret «Sporty».

Seiste tilgjengeleg tal frå idrettsregistreringa i NIF er for Fyresdal sine idrettslag slik:

Fyresdal idrettsråd	6-12 år	13-19 år
Fyresdal idrettslag	25	18
Fyresdal motorsportklubb	1	10
Fyresdal skiskyttarlag	4	9
Hugljufur Islandshestforening	4	13
Vest-Telen Modellflyklubb	0	0
Totalt	34	50

I tillegg medlemstal frå Fyresdal skyttarlag som er:

Fyresdal skyttarlag	38 ungdom	13 betalande
---------------------	-----------	--------------

Det kjem klare tilbakemeldingar frå idretten om at dei strevar med å oppretthalde tilboda, til dømes fotball, og rekruttering inn til styre og verv er svært krevjande

Idrettsanlegg

Vi har bra anleggsdekning i Fyresdal, ein kan søkje i [Anleggsregisteret](#) her.

Idrettshallen - sto ferdig i 2020, full handballstorleik. Idrettshallen ligg tett innmed symjehallen, og nyttar same garderobe og dusjfasilitetar som symjehallen.

Symjehallen- bygd i 1976-77, rehabilitert i 2003.

Det er i tillegg fleire arenaer for uformell og uorganisert aktivitet, slik som Sporty, Hamaren, fotballanlegg, uteområdet ved Gimle, skaterampe, klatrestativ osv.

Det er ikkje kome innspel i høve nye store idrettsanlegg i medverknadsprosessen, men mange innspel på meir aktivitet i eksisterande bygg, og fleire mindre anlegg. Med tanke på at det akkurat er bygd ny idrettshall, er det lett å forklare, men behov for dusj og garderobar knytt til idrettshallen kjem opp som naudsynt. Det er kome innspel på Ridesenter med meir, som er under planlegging. I tillegg har Motorsportklubben behov for nye klubblokale og lager, men har uavklarte langsiktige grunneigartilhøve på flyplassen, så det ligg langt fram i tid

Kort summert idrettsanlegg:

På kort sikt er Ridesenter, nytt skyteanlegg på Hagedalshavet, og fleire nærmiljøanlegg det som er kjem fram. Nærmiljøanlegga er lågterskel, og viktige for å inkludere fleire. Fleirbruk av eksisterande anlegg er framheva. Det er behov for dusj og garderober i idrettshallen.



Friluftsliv:

Det er store friluftsområde i Fyresdal, og i dei seiste åra har det vore satsa mykje på utvikling av universelt utforma turstigar og møteplassar, mellom anna i Hamaren. Kommunen har eit svært aktivt turlag som gir omlag 100 guida turar kvart år, og Fyresdal er etablert som ein vandrekommune. Det er og eit aktivt jakt og fiskelag i bygda, som tilbyr jegerkurs med meir. I Fyresdal blir dei store utmarksområda godt nytta av mange til rekreasjon, jakt og fiske.

Resultat frå Ungdata pluss viser at andelen elever på mellomtrinnet som driver med friluftsliv, både sommar og vinter, er blant dei høgaste i fylket. Grunnen til dette kan vere at mange unge driv med jakt, og at scooterførings for unge blir rekna som ein friluftslivsaktivitet.

Heile 76 % av elevane sei i Ungdata pluss at dei er så fysisk aktive at dei blir andpustne 4 dagar i veka eller oftare, noko som er den høgaste blant dei deltakande kommunane i undersøkinga.

Dei største områda med flest og mest hytteutbygging, er Birtedalen og Våmur. Desse områda legg til rette med skiløyper og turløyper i regi av løypelaga og hyttevela. Birtedalen har størst andel av fritidsbustader, med 700 av 1400 totalt i Fyresdal. I Birtedalen kjem det ynskje om meir aktivitet, og samarbeid med kommunen og andre for å få tilgang til spelemidlar og dermed større moglegheitar for anlegg og aktivitet.

I planane frå 2011-2015 og 2015 og 2022, har det vore eit satsingsområde å stimulere til fleire oppkjørte skiløyper, det har ein bare delvis lukkast med. Det er blitt fleire løyper, men det bør vere fleir og endå lettare tilgjengeleg, då dette er eit særskilt viktig bulystiltak for å tilfredstille forventingar hos innbyggjarar, hyttefolk, og moglege nye innbyggjarar.

Kort summert friluftsliv:

Friluftsområda blir godt bruka, og det ligg til rette for meir. Det er ynskjeleg med fleire oppkjørte skiløyper. Mykje godt arbeid er gjort og blir gjort i aktive friluftslag i kommunen. Det er krefter som ynskjer meir i Birtedalen, for å satse på eit område i kommunen som er tilrettelagd med skiløyper, varmestoge, akebakkar med meir.

Kulturbygg

Kulturhuset

Med kino, ungdomsklubb og kultursal og bibliotek, er dette kommunes storstoge og kulturarena. Delar av huset er nyrenovert i 2024 og 2025, med ny kultursal med uttrekkbart amfi, scene, oppdatert lydutstyr og sceneteknikk. Veslesal, toalett og foaje blir og renovert, ferdigstilt i 2025.

Kulturskulen

Kulturskulen brukar lokala til Gimle skule til øving, og kulturhuset til framføringar. Kulturskulen saknar noko eigne arbeidsrom og lager, til dømes til kunst- og handverk, men er elles ganske godt nøgd med sambruket med Gimle skule.

Fyresdal bygdemuseum

Fyresdal bygdemuseum er konsolidert med Vest-Telemark Museum og dei har ansvar for vedlikehald og utvikling av musea. Lokalt museumsstyre, eig husa og driftar aktivitet. Museet i Fyresdal har veldig dårlege utstillingslokale, i førre planperiode var det store ynskje om å få til eitt nytt museumsbygg. Vest-Telemark Museum har i sine langtidsplanar ynskje om å prioritere dette, men det er nausynt at kommunen også bidrar økonomisk i ei slik satsing.

Bruk av eksisterande bygningsmasse kan vere interessant i samband konseptutvikling relatert til reisemålssatsinga i Fyresdal.

Kyrkjene med Betel

Både kyrkjene i Fyresdal er i brukbar god stand, og dei vert haldne ved like så godt det let seg gjere ut frå økonomi og dispensasjon. Kyrkjene er såkalla listeførte kyrkjer, det vil seie at ein ikkje kan endre på noko utan å søkje biskopen om lov. Slik desse kyrkjene er bygde, så eignar dei seg best til gudstenester med enkle kyrkjekaffiar og til konsertlokale. Dei har god akustikk og er utrusta med svært gode orgel. Sidan 2012 har kyrkja eigd og drifta Betel, som høver godt til ulike samlingar og selskap. Ein kan fint dekkje bord til 80 personar der

Grendehusa

Det er sju grendehus i Fyresdal, seks av dei er kommunalt eigd, eitt er eigd av grendelaget sjølv. Det er svært aktiv og god bruk på nokon av husa, mens andre er i mindre bruk. Ein bør kanskje på sikt vurdere om det er naudsynt å oppretthalde alle dei kommunalt eigde grendehusa.

Kort summert kulturbygg:

Det nyrenoverte kulturhuset hevar standarden på kulturbygga vesentleg. Ein manglar lagerplass og eigne øvingsrom rom i kulturskulen. Dei grendehusa som ikkje er mykje bruk, bør ein vurdere å sele. Fyresdal bygdemuseum sine bygg kan vere, interessante å bruke i Fyresdal kommune sin reisemålssatsing. Det er klare signal på at ein ynskjer fleirbruk på dei bygga ein har.



Fotograf: Svånaug Dyrland Valseth

Storsalen i kulturhuset

Resultatvurdering førre plan

	Realisere fleirbrukshall snarast råd	Gjennomført
	Tilpasse samfunnshuset til eit kulturhus	Gjennomført
	Stimulere til oppkøyring av Skiløyper i fjellet og sentrum	Delvis, ikkje gjennomført i sentrum
	Fullføre Hamaren aktivitetspark	Gjennomført
	Auke tilskot til idrett og kulturføremål	Ikkje gjennomført
	Tilrettelegge gode badestrender med tilgjenge til toalett	Delvis, i sentrum, ikkje gjennomført i Stykkjevika
	Bidra økonomisk til at Fyresdal bygdemuseum får betre utstillingslokale	Ikkje gjennomført
	Stimulere til merking av turløyper av alle slag	Delvis gjennomført
	Kjøpe inn mobilt toalett	Gjennomført



Fotograf: Yngve Ask

Tretoppvegen – Klokkarringen

Satsingsområde og tiltak 2025-2032

På bakgrunn av sentrale, regionale føringar, Fyresdal kommune sine føringar i samfunnsplanen, og innkomne framlegg og innspel frå innbyggjarar og andre, har arbeidsgruppa prioritert innafor fire satsingsområde.

1. Fleire møteplassar for uorganisert aktivitet
2. Styrke arbeidet i frivillige lag og organisasjonar
3. Friluftsliv for alle
4. Meir og fleirbruk av nye og eksisterande kulturbygg, og idretts og friluftsanlegg

Alle innspel frå medverknadsprosessen ligg som vedlegg til planen.

Som tidlegare nemnt legg prioriteringane grunnlag for å søkje spelemidlar til kulturbygg, idrett og friluftsanlegg. I føresegnene til søknadsprosess om spelemidlar er det ein føresetnad at ordinære anlegg må inngå i ein kommunal vedtatt plan.

Fyresdal kommune kjøper tenesta «Tilskotsportalen». Alle lag og organisasjonar og kommunalt tilsette har der full tilgang til oppdaterte relevante tilskotsordningar.

Dei fleste innspela handlar om fleire arenaer for uorganisert aktivitet. Samtidig er det klare tilbagemeldingar frå lag og organisasjonar om at det er vanskeleg med rekruttering til frivillig arbeid, og fylle opp plassane i det organiserte tilbodet vi allereie har. Dette er eit paradoks vi må ta med oss i det vidare arbeidet.

Hovudsatsingsområde 1:

Vi skal ha fleire møteplassar med uorganisert aktivitet

Fysisk aktivitet er viktig, og vi ser at dei unge i større grad vel uorganisert aktivitet som er tilgjengeleg når det passar dei, framfor anna aktivitet. Slike møteplassar har ofte eit sosialt aspekt, og kan vere gode arenaer for å inkludere fleire.

Hovudsatsingsområde 2:

Styrke arbeidet i frivillige lag og organisasjonar

Det å styrke det frivillige arbeidet og dyrke eldsjeler, er viktig for Fyresdal. Lag og organisasjonar strevar med rekruttering til verv og liknande, så det er ynskjeleg å stimulere drifta i dei laga ein har, og stø opp om det gode arbeidet som gjerast.

Hovudsatsingsområde 3:

Friluftsliv for alle:

Å legge til rette for aktivitet i friluft veit vi er bra for folkehelsa, både fysisk og psykisk. Å legge til rette for arenaer der fleire kan inkluderast og involverast er ynskjeleg, fleire skal med!

Hovudsatsingsområde 4:

Meir bruk og fleirbruk av nye og eksisterande kulturbygg, idrett og friluftsanlegg:

Det er gjort ein god satsing over år på anlegg og kulturbygg i Fyresdal, så vidare hovudsatsing er fleir- og meirbruk på eksisterande anlegg. Nokon nybygg og planlagde anlegg er tidlegare omtalt og vil kome fram i tiltakslista.

Dusjar og garderobar i idrettshallen er det kome fleire innspel på, då hallen blir av mange sett på som eit ikkje ferdig bygg utan dette.

Tiltak hovudsatsingsområde 1:

Vi skal ha fleire møteplassar med uorganisert aktivitet

Tiltak	Kor	Ansvar	Tidspunkt
Skaterampe og pumptrack	Ved Biblioteket	Fyresdal kommune	2026
Frisbeegolf	Kynjushamaren	Frivilligsentralen	2026
Badstoge	Ved bryggeparken	Fyresdal kommune Moland Vel	2026
Paddelbane		Næring FIL	2026
Ridesenter og stall, hundeluft	Uavklart	Hugljufur med fleire	
Skøytebane	Bak skulen	Kommune opprette Frivillige drifte	

Ynskjer frå medverknadsprosess – uprioritert

Tiltak	Kor	Ansvar	Tidspunkt
Klatring, buldring, klatretårn inne og ute	Sentrum	Kommune Frivillige	
Minigolf, Bocciabane Leik og trening	Torget utanfor Frivilligsentralen/sentrum	Kommune?	
Mekkeklubb for ungdom	Flyplassen	Kommune Motorsportklubben	
Skileik og akebakkar	Sentrum og andre stader	Frivillige	
Nytt baneanlegg, klubbhus og lager	Uavklart	Motorsportklubben	

Tiltak hovudsatsingsområde 2:

Styrke arbeidet i frivillige lag og organisasjonar

Tiltak	Kor	Ansvar	Tidspunkt
Betre økonomiske støtteordningar, kulturmidlane aukast	I idrettslaga	Fyresdal kommune	
Felles møte med lag og org, lage årshjul		Fyresdal kommune Frivillige	2025
Tak vare på dei frivillige Takk og pris arrangement		Kommunen Frivilligsentralen	2025
Frivilligsentralen Base for lag, kven kan hjelpe kven		Frivilligsentralen	2025
Velkomstpakke, rutine for velkomst, informasjon om kva som finnast av tilbod		Fyresdal kommune	2025
<i>Auke tilskot til oppkøyring av løyper</i>	<i>Der det køyrast løyper</i>	<i>Fyresdal kommune</i>	<i>2026</i>

Tiltak hovudsatsingsområde 3:

Friluftsliv for alle

Tiltak	Kor	Ansvar	Tidspunkt
Utvikle aktivitet og skiområde i Birtedalen	Birtedalen	Frivillige Næring Fyresdal Kommune	
Dagsturhytte	Må avklarast	Telemark fylkeskommune Fyresdal kommune	
Byttedagar for utstyr		Frivilligsentralen	
Opplæring i friluftsliv, ein del av sommaraktivitet for unge		Fyresdal kommune Frivillige	
Utvikle stolpejakta vidare		Frivilligsentralen	2025
<i>Istandsette utedoar i Stykkjevika</i>	<i>Stykkjevika</i>	<i>Fyresdal kommune</i>	<i>2025</i>
<i>Vidareutvikle og drifte</i>	<i>Hamaren</i>	<i>Fyresdal kommune</i>	

Ynskjer frå medverknadsprosess uprioritert

Tiltak	Kor	Ansvar	Tidspunkt
Skiløyper, skileik og akebakkar	I sentrum		
Busstransport i helger	Sentrum Birtedalen	Røde Kors	
Meir oppkøyrde skiløyper	Over heile bygda	Frivillig	
Kart over alternative ruter å gå og sykle			
<i>Legg til rette gode badestrender med tilgang til toalett</i>	<i>Stykkjevika og kanskje fleire</i>		

Tiltak hovudsatsingsområde 4

Meirbruk og fleirbruk av nye og eksisterande kulturbygg, idrett og friluftsanlegg:

Ynskjer frå medverknadsprosess uprioritert

Tiltak	Kor	Ansvar	Tidspunkt
Fleirbruk av dei bygga vi har	Alle, kulturhus		
<i>Jobbe for meir brukarvenlege bookingløysingar på kommunale kulturbygg</i>	<i>Kulturhuset Idrettshall Symjehall</i>	<i>Fyresdal kommune</i>	<i>2025.2026</i>
Dusj og garderobar	Idrettshallen	Fyresdal kommune	

Vedlegg:

Handlingsprogram – uprioritert